

FISKERIDIREKTØREN

1

Aksjon 412.5 Makrell

Bergen, 19.9.1984
AW/TBR

MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN

J. 1984.

ENDRING I FORSKRIFTER AV 15. JUNI 1984 (NR. 1288) OM REGULERING AV FISKE ETTER MAKRELL MED RINGNOTFARTY PÅ 70 FOT L.L. ELLER MEIR SØR FOR 62° N OG I SKAGERRAK I 1984.

I medhald av § 9 og § 45 i lov av 3. juni 1983 om saltvannsfiske m.v. og § 9 i forskrifter (nr. 1288) om regulering av fiske etter makrell med ringnotfarty på 70 fot l.l. eller meir sør for 62° N og i Skagerrak i 1984, fastsett ved kgl.res av 15. juni 1984, har Fiskeridepartementet den 11. september 1984 bestemt:

I

Forskrifter av 15. juni 1984 (nr. 1288) om regulering av fisket etter makrell med ringnotfarty på 70 fot l.l. eller meir sør for 62° N og i Skagerrak skal endrast slik:

§ 3 a (ny) skal lyde:

Ringnotfarty på 70 fot lengste lengde eller meir som tek del i makrellfisket i Nordsjøen sør for 62° N skal gje melding til Noregs Sildesalslag, Haugesund, om sin nøyaktige posisjon. Slik melding skal gjevast kvar dag til det tidspunktet salslaget fastset.

II

Denne forskrift trer i kraft straks.

Etter desse endringane har forskriftene denne ordlyd:

FORSKRIFTER OM REGULERING AV FISKET ETTER MAKRELL MED RINGNOTFARTY PÅ 70 FOT L.L. ELLER MER SØR FOR 62° N OG I SKAGERRAK I 1984.

§ 1

Det er forbode for ringnotfarty på 70 fot lengste lengde eller meir å fiske makrell sør for 62° N i Norges økonomiske sone og i EF-sonen, i ICES statistikkområde IVa og IVb Nordsjøen og i Skagerrak.

§ 2

Konsesjonspliktige ringnotfarty kan utan hinder av forbodet i § 1 fiske inntil 7500 tonn makrell til menneskemat fra 15. august 1984.

Fiskeridirektøren fastset fartykvote og turkvote på grunnlag av talet på deltagande farty.

§ 3 a

Ringnotfarty på 70 fot lengste lengde eller meir som tek del i makrellfisket i Nordsjøen sør for 62°N skal gje melding til Noregs Sildesalslag, Haugesund, om sin nøyaktige posisjon. Slik melding skal gjevast kvar dag til det tidspunktet salslaget fastset.

§ 3

Farty nemnd i § 2 som skal ta del i fisket, må melde frå skriftleg til Fiskeridirektøren. Fiskeridirektøren kan fastsetje frist for påmelding.

Farty som er med i dette fisket, kan ikkje ta del i sommerloddefisket i fiskerisonen ved Jan Mayen og i Barentshavet i 1984.

§ 4

Det er forbode for farty som er tildelt kvote etter § 2 å fiske makrell innanfor 40n.m. av grunnlinene sør for 59°N.

§ 5

Ringnotfarty på 70 fot lengste lengde eller meir, men under konsejsjonsplikta (jfr. forskrifter av 2. mars 1979) og som har levert makrellfangst fiska i område nemnd i § 1 i 1981, 1982 eller 1983, kan utan hinder av forbodet i § 1 fiske samla inntil 2000 tonn makrell til menneskemat frå 23. juli 1984.

Fiskeridirektøren fastset fartykvote og turkvote på grunnlag av talet på deltakende farty.

Farty nemnd i denne paragraf må melde seg på til Fiskeridirektøren innan 15. juli 1984.

§ 6

Når kvotane nemnd § 2 eller § 5 er pårekna oppfiska kan Fiskeridirektøren stogge fisket for vedkommande fartygruppe.

§ 7

Fiskeridirektøren kan etter søknad frå vedkommande salslag gi løyve til oppmaling av heile eller delar av fangsten fiska i områder nemnd i § 1 dersom fangsten av omsyn til avtaket eller av kvalitetsmessige omsyn ikkje kan leverast til menneskemat.

§ 8

Sild- og brislingfangstar kan ha inntil 20% makrell i vekt ved kvar landing.

Hestmakrellfangstar kan ha inntil 10% makrell i vekt ved kvar landing.

Makrellfangstar kan ha inntil 5% sild i vekt ved kvar landing.

Fiskeridirektøren kan fastsetje reglar om prøvetaking og kontroll av fangstar nemnd i denne paragrafen.

§ 9

Fiskeridepartementet kan endre forskriftene.

§ 10

Forsettlege eller aktlause brot på desse forskriftene vert straffa med bøter med heimel i § 69 i lova av 17. juni 1955 om saltvannsfiskeriene eller § 11 i lova av 16. juni 1972 om regulering av deltakelsen i fisket.

§ 11

Desse forskriftene tek til å gjelde straks.